

## NOTAT – GJENNOMSEGLING HERØY-ULSTEIN TIL ÅLESUND

### Avklaring reguleringsplangrenser og sjødeponi – Rev. 02

|               |   |                 |                                     |
|---------------|---|-----------------|-------------------------------------|
| OPPDRAG       | <b>Gjennomseiling Herøy-Ulstein til Ålesund</b> | DOKUMENTKODE    | 10226196-01-PLAN-NOT-003-REV02      |
| EMNE          | Planinitiativ                                   | TILGJENGELIGHET | Open                                |
| OPPDRAGSGIVER | <b>Kystverket</b>                               | OPPDRAGSLEDER   | Sevrin Gjerde                       |
| KONTAKTPERSON | Catherine Taylor Grebstad                       | SAKSBEHANDLER   | Ingvill H. Eikelund                 |
| KOPI          |   | ANSVARLIG ENHET | 10234031 Arealplan og landskap Midt |

#### 1.1 Vedlegg til planinitiativ - Kartstudium

I samband med utarbeiding av planinitiativ for reguleringsplanar langs farleia, frå Røyrasundet i sør til Ålesund i nord, er det gjort innleiande kartstudium for å undersøkje moglege lokaliseringar av sjødeponi. Kartskissene er samanfatta i dette notatet.

Notatet gjeld desse planinitiativa:


- Reguleringsplan for Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyfluda (Ålesund kommune)
- Reguleringsplan for Djupefluda (Giske kommune)
- Reguleringsplan for Svædet og Kyrkjefluda (Ulstein kommune)
- Skinnabrokleia (Herøy og Ulstein kommune)

I innleiande arbeid med planinitiativa vart det gjort enkle vurderingar basert på grovkoterte sjøkart, botnsediment, registrerte artar, verneområde og naturtypar. I samband med ein pågåande arbeidsprosess og innleiande møter med kommunar og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ein fått meir kunnskap om relevante forhold for planarbeidet. Det er også lagt til grunn eit meir detaljert kart over sjøbotnen. Med bakgrunn i dette er det gjort justeringar av planavgrensingar og lokaliseringar for sjødeponi for å redusere risiko i planarbeidet, transportavstandar og kostnader. Justeringane er også gjort for å redusere potensiell spreieing av deponimassar ved å velje meir gunstige deponiområde, og for å sikre stabilitet av deponerte massar. Det er til liks med dei første skissene lagt stor vekt på å unngå å kome i konflikt med registrerte naturverdiar mm.


| REV. | DATO       | BESKRIVELSE   | UTARBEIDET AV       | KONTROLLERT AV | GODKJENT AV   |
|------|------------|---|---------------------|----------------|---------------|
| 02   | 06.09.2021 | Revisjon etter detaljert kunnskap om bunnforhold      | Ingvill H. Eikelund | Sevrin Gjerde  | Sevrin Gjerde |
| 01   | 31.08.2021 | Revisjon etter møter med kommuner og Statsforvalteren | Ingvill H. Eikelund | Sevrin Gjerde  | Sevrin Gjerde |
| 00   | 18.06.2021 | Utkast til Kystverket                                 | Ingvill H. Eikelund | Johanne Arff   | Sevrin Gjerde |

## Avgjerande faktorar for justeringane i revisjonen:

- Statsforvaltaren påpeikar moglegheiter for korallar ved dei foreslegne deponiområda for Svædet. Samtidig er det få aktuelle «groper» i området og Svædet er omfatta av verneområde som gjer det utfordrande å finne eigna sjødeponi. I dei første skissene vart sjødeponi plassert eit godt stykke nord for Svædet fordi det var utfordrande å finne andre eigna område nærare. I denne revisjonen er deponi for massane ved Svædet valt lokalisert i same deponi som for massane Kyrkjefluda. Deponiet for Kyrkjefluda er i denne revisjonen også flytta nærare Svædet slik at det vert mindre transportavstand.
- Ved djupe deponi, til dels på -100 til -200 m under havet, vil ein vere meir utsett for spreiring av deponimassar på veg nedover mot sjøbotnen enn ved eit grunnare deponi. Straumhastigheita er i nokon tilfelle også høgare lenger ned i vassøyla. Grunne deponi vil i tillegg kunne vere positivt for sjøfugl. Deponia er derfor plassert på meir grunne sjøområde enn dei vart plassert ved i det første utkastet.
- Topografien på sjøbotnen har stor påverknad på deponimassane sin stabilitet. Ved å leggje massane i «groper» i terrenget vil ein unngå at masser flyttar seg med undersjøstraumane, som gjerne er sterkare på djupe område.




Figur 1.1 Oversikt over planområda langs farleden.



Figur 1.2 Oversikt over alternative sjødeponi.


## 2.1 Teiknforklaring til karta nedanfor

 Forslag sjødeponi

 Sjødeponi - beste alternativ

 Sjødeponi - andre vurderte alternativ

### MARINE NATURTYPER (DN-HÅNDBOK 19)


 naturtyper\_marine\_hb19\_alle

### NATURTYPER PÅ LAND (DN-HÅNDBOK 13)






 Naturtyper iht. DN-Håndbok 13

### ARTER AV NASJONAL FORVALTNINGSINTERESSE

 Alle arter av særlig stor forv.int, områder

 Alle arter av stor forv.int (NT), områder

**VERNEOMRÅDER**


-  Nasjonalpark
-  Naturreservat
-  Landskapsvernområde
-  Marint verneområde
-  Annen fredning


**BUNNSEDIMENTER (KORNSTØRRELSE)**

- |   |   |
|---|---|
|  Slamholdig grus   |  Slamholdig grus   |
|  Slamholdig sandholdig grus                                  |  Slamholdig sandholdig grus                                  |
|  Sandholdig grus   |  Sandholdig grus   |
|  Grus  |  Grus  |
|  Sand, grus, stein   |  Sand, grus, stein   |
|  Sand, grus, stein, blokk                                    |  Sand, grus, stein, blokk                                    |
|  Grus og stein   |  Grus og stein   |
|  Grus, stein, blokk  |  Grus, stein, blokk  |
|  Stein og blokk  |  Stein og blokk  |
|  Sand og blokk   |  Sand og blokk   |
|  Blanding av kornstørrelser                                  |  Blanding av kornstørrelser                                  |
|  Slam og sand med grus, stein og blokk                       |  Slam og sand med grus, stein og blokk                       |
|  Slam/sand med stein/blokk                                   |  Slam/sand med stein/blokk                                  |
|  Stein og blokk med slam-/sanddekke                        |  Stein og blokk med slam-/sanddekke                        |
|  Harde sedimenter eller sedimentære bergarter              |  Harde sedimenter eller sedimentære bergarter              |
|  Bioklastisk materiale (grus, sand, slam)                  |  Bioklastisk materiale (grus, sand, slam)                  |
|  Antropogent materiale (variert sammensetning)             |  Antropogent materiale (variert sammensetning)             |
|  Tynt eller usammenhengende sedimentdekke over berggrunnen |  Tynt eller usammenhengende sedimentdekke over berggrunnen |
|  Bart fjell  |  Bart fjell  |
|  Uspesifisert mhp. kornstørrelse                           |  Uspesifisert mhp. kornstørrelse                           |

**KYSTNÆRE FISKERIDATA: GYTEFELT TORSK, GYTEOMRÅDER, FISKEPLASSER – AKTIVE REDSKAP, LÅSSETTINGSPLASSER**

 Gytefelt torsk MB


 Gyteområder

 Fiskeplasser - Aktive redskap

### 3.1 Djupefluda og Erknefluda/Skarvøyfluda/Nordtaren


Endringar gjort etter 1. utkast:

Det vil vere spreingsfare av deponimassar ved deponering på djupe områder (-100-200 m) og ein valde å flytte deponiforslag alternativ 1 frå eit djupt område til eit grunnare område ved alternativ 2 (-30-40 m). Ved alternativ 2 vil det ligge stabilt inne i ei «skålform». Deponi alternativ 2 ligg derimot ca. 200 m frå leidning for vassinntaket til Atlanterhavsparken (Gullhaug, Ålesund), og dette alternativet krev nødvendige avklaringar/avbøtande tiltak for å sikre at ein ikkje påverkar vassinntaket negativt. Alternativ 3 ligg både på eit grunt område, innanfor ei «skålform», og med god avstand til vassinntaket til Atlanterhavsparken (ca. 1000 m).



Figur 3-1. Oversiktskart med utdypingsområde og alternative sjødeponi.


## Sjødybder



Figur 3-2. Planområda markert i svart stipla linje. Blå linje syner vassinntak for Atlanterhavsparken. Oransje deponi, alternativ 3 er det føretrekte alternativet.


Verneområde  
Ingen verneområde.

Marine naturtyper (dn-handbok 19), naturtyper på land (dn-handbok 13), arter av nasjonal forvaltningsinteresse




Figur 3-3. Marine naturtyper innanfor planområdet.

Data frå artskart




Figur 3-4. Registrerte artar i området.

## Botnsediment



Figur 3-5. Botnsediment kornstorleik (detaljert). Kvite område er ikkje undersøkt.

Kystnære fiskeridata: Gytefelt torsk, gyteområde, fiskeplassar – aktive redskap, låssettingsplassar



Figur 3-6. Aktive fiskeplassar og gytefelt ved planområda.




#### 4.1 Svædet og Kyrkjefluda, Ulstein kommune

Endringar gjort etter 1. utkast:


I innleiande møte med Statsforvaltaren er det nemnd at det er moglegheiter for korallar ved dei foreslegne deponia. Det er i tillegg meir utfordrande å finne eigna deponi for Svædet med bakgrunn i stabilitet for massar som skal deponerast, og med omsyn til at finstoff spreier seg på veg ned til store djupner. Det er også ein større risiko for planarbeidet å trekkje planområdet langt mot nord for å legge til rette for deponi. Alternativ B for Svædet vil krevje mindre behov for deponiareal og såleis gje moglegheiter for å frakte massar til planlagt deponi ved Kyrkjefluda. Det vert derfor foreslått å slå saman dei to områda ved Svædet og Kyrkjefluda til eitt planområde.

Avstanden frå Svædet til foreslått deponi ved Kyrkjefluda er ca. 3,3 km, og vil såleis vere kortare enn eit eigna deponiområde lenger nord for Svædet. Ny lokalisering av deponi er flytta nærare Kyrkjefluda til eit område som har ei «skålform» som gir betre stabilitet for deponimassar, og har mindre djupner som reduserer fare for spreieing av deponimassar på veg ned vassøyla. Eit samla deponi ved Kyrkjefluda vil truleg også vere besparande fordi det medfører mindre kostnader til nødvendige undersøkingar av grunnforhold på botn og samtidig gir kortare avstandar ved transport av massar.

Det er eit verneområde for sjøfugl innanfor delområdet. Sjøfuglen likar seg på grunne område og deponering på eit grunnare område vil ikkje påverke sjøfugl. Ei deponering som skapar nye grunne område kan derimot gjere forholda betre for sjøfugl.




Figur 4-1 Avstand mellom Svædet og sjødeponi ved Kyrkjefluda




Figur 4-2. Djupner ved planområdet. Deponia (gule firkantar nord for Svædet) er tidlegare vurderte sjødeponi, men som ikkje lenger er aktuelle.

Marine naturtyper (dn-håndbok 19), naturtyper på land (dn-håndbok 13), artar av nasjonal forvaltningsinteresse




Figur 4-3. Marine naturtyper og artar av nasjonal forvaltningsinteresse innanfor planområdet.

Verneområde




Figur 4-4. Verneområde naturreservat og annan fredning (sjøfugl) innanfor planområdet.

Kystnære fiskeridata: Gytefelt torsk, gyteområde, fiskeplassar – aktive redskap, låssettingsplassar




Figur 4-5. Aktive fiskeplassar innanfor planområdet. Ingen registrerte gytefelt.

Data frå artskart



Figur 4-6. Registrerte artar i området.

## Botsediment




Figur 4-7. Botsediment kornstorleik (detaljert). Kvite område er ikkje undersøkt.

## 5.1 Skinnabrokleia


### Endringar gjort etter 1. utkast:

Det er lagt til to nye alternative sjødeponi. Dei to nye sjødeponia ligg på grunnare område (ca. -40-30), og vil medføre mindre spreining av deponimassar. Massane vil i tillegg ligge i ei «skålfom» som vil vere positivt for stabiliteten til massane. Deponia er lagt nærare grunnene som skal utdypast og vil dermed gi mindre transportavstandar.



Figur 5-1. Oversikt over Skinnabrokleia og alternative sjødeponi.

## Sjødybder




Figur 5-2. Planavgrensing vist i svart stipla linje. Alternative sjødeponi er skissert med gule polygon. Område der ein ønskjer å fjerne grunner er markert som raudt skravert felt. Bakgrunnskartet syner djupneforhold i området.

## Verneområde


Ingen verneområde.

## Marine naturtyper (DN-handbok 19), naturtyper på land (DN-handbok 13), artar av nasjonal forvaltningsinteresse



Figur 5-3. Marine naturtyper og artar av nasjonal forvaltningsinteresse innanfor planområdet. Naturtyper på land grensar til planområdet.


## Data fra artskart



Figur 5-4. Registrerte artar i området.




## Botnsediment



Figur 5-5. Botnsediment kornstorleik (detaljert).

Kystnære fiskeridata: Gytefelt torsk, gyteområde, fiskeplassar – aktive redskap, låssettingsplasser



Figur 5-6. Aktive fiskeplassar (rosa) og gytefelt ved planområda (brun/svart). Låssettingsplassar i raud farge.